

PROSJEKTPLAN

«Offentlege anskaffingar», Radøy kommune

Heimel

Kommuneloven § 77.4 pålegg kontrollutvalet å sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunane. Forvaltningsrevisjon inneber mellom anna systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.¹

Bakgrunn

Forvaltningsrevisjonsprosjektet «Offentlege anskaffingar» har utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet 14.11.2018, sak 34/18. Denne er bestilt med bakgrunn i plan for forvaltningsrevisjon vedteke i sak 06/16.

Regelverket for offentlege anskaffingar gjeld i utgangspunktet alle anskaffingar kommunen gjer med verdi over 100 000 eks mva. Innkjøp i samsvar med lov og regelverk skal mellom anna sikre tillit til det offentlege, effektiv utnytting av dei offentlege ressursane og rettferdige vilkår for næringslivet.

For kommunen kan brot på regelverket medføre at ein ikkje vel den beste tilbydaren. Vidare kan kommunen klagast inn til KOFA som ilegg gebyr dersom dei finn at ein aktaust eller med forsett har brote regelverket for offentlege anskaffingar.

Føremål

Føremålet med forvaltningsprosjektet er å undersøkje om Radøy kommune har rutinar for å sikre at ein følgjer regelverket for offentlege anskaffingar samt undersøkje om innkjøp i kommunen følgjer krav i lov og regelverk.

Førebels problemstillingar²

1. Har kommunen rutinar for å sikre at reglane om offentlege innkjøp vert følgde?
2. Blir innkjøp av varer og tenester gjort samsvar med gjeldande regelverk?

Avgrensing

Revisjonsgjennomgangen er avgrensa til eit utval anskaffingar gjort i 2017 og 2018. Revisjonen vil undersøke om rett prosedyre er valt, og om formelle krav i samband med anskaffingane er oppfylt, men vi vil ikkje gå inn i kommunen sine vurderingar av tilboda og grunngeving for val av leverandørar.

¹ Sjå kap. 3 i Revisjonsforskriften og kap. 5 i kontrollutvalgs forskriften for utfyllande informasjon.

² Problemstillingane kan bli endra om det syner seg hensiktsmessig, og det kan ha betydning for revisjonskriteria.

Revisjonskriterium

Revisjonen følger «RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon», som er ein bransjestandard for god revisjonsskikk i forvaltningsrevisjon. Omgrepet revisjonskriterium viser til dei krav og forventningar ein kan stilla til den funksjonen, aktiviteten eller prosedyren som er gjenstand for forvaltningsrevisjon, jf. RSK 001. Innafor ramma av eit kommunalt forvaltningsrevisjonsprosjekt, vil det vere føremålstenleg å avgrensa prosjektet til å sjå på eit utval av slike revisjonskriterium.

I dette prosjektet kan revisjonskriterier verta utleia med grunnlag i m.a.:

- ❑ Kommunelova (koml.)
- ❑ Lov om offentlige anskaffelser (anskaffelsesloven)
- ❑ Forskrift om offentlige anskaffelser (FOA)
- ❑ St. meld. nr 36 (2008-2009) «Det gode innkjøp»
- ❑ Rettleiar offentlege innkjøp
- ❑ Kommunen sitt eige regelverk
- ❑ Andre aktuelle forskrifter, rundskriv og rettleiarar

Metode

Revisjonen vil nytta både intervju og dokumentanalyse for å svara på problemstillingane i prosjektet. Gjennomgang av kommunen sine eigne dokument har som føremål å avdekke om kommunen har klar ansvarsfordeling, skriftlege rutinar og kontrollaktivitetar på innkjøpsområdet. Ein vil også nytte interne dokument til å undersøkje dei prosessane som har vore i samband med ulike innkjøp.

Det vil vere aktuelt å intervjuje tilsette med oppgåver og ansvar på innkjøpsområdet. Alle intervjuar vert verifiserte, som betyr at intervjuobjektet les igjennom og godkjenner innhaldet i referatet frå intervjuet.

Revisjonen vil hente data frå kommunerekneskapan for 2017 og 2018. Det vil vere føremålstenleg å gjere eit utplukk av fakturaer av ulik storleik og type, som utgangspunkt for revisjonen sine vidare undersøkingar av innkjøpsprosessen. Talet på fakturaer som vert vurdert, vil vere avhengig av mengda innkjøp kommunen har gjort.

Organisering og ansvar

Revisjonen tek initiativ til oppstartsmøte med rådmannen. Førebels rapport vert sendt rådmannen for uttale, og svarbrevet vil følgje endeleg rapport.

Endeleg rapport vert sendt til kontrollutvalet som handsamar og avgjer om rapporten skal leggst fram for kommunestyret.

Tidsplan

Prosjektet vil starta opp våren 2019, og kan handsamast i kontrollutvalet i løpet av hausten 2019.